

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2006/12/EF

2010/EØS/23/56

av 5. april 2006

om avfall(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN
EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet, særleg artikkel 175,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i
traktaten⁽²⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Rådskonferens 75/442/EØF av 15. juli 1975 om avfall⁽³⁾ er fleire gonger vorte endra monaleg⁽⁴⁾. For at direktivet skal verte klarare og meir oversiktleg bør dei aktuelle føresegnene konsoliderast.
- 2) Det viktigaste målet for alle føresegnene som gjeld avfallshandtering, bør vere å verne menneskehelsa og miljøet mot skadelege verknader som skuldast innsamling, transport, handsaming, lagring og deponering av avfall.
- 3) For at avfallshandteringa i Fellesskapet skal verte meir effektiv må det utarbeidast ein felles terminologi og ein definisjon av omgrepet avfall.
- 4) Effektive og samanhengande reglar for disponering og attvinning bør, med atterhald for visse unntak, nyttast på lausøyre som innehavaren av avfallet kvittar seg med eller aktar eller pliktar å kvitte seg med.

- 5) For å ta vare på naturressursane bør det oppmuntrast til attvinning av avfall og til bruk av attvunne materiale som råstoff. Det kan verte naudsynt å vedta særlege reglar for avfall som kan nyttast om att.
- 6) For å oppnå eit høgt nivå for miljøvern bør medlemsstatane ikkje berre syte for at avfall vert disponert og attvunne på ein ansvarleg måte, men òg gjere tiltak for å avgrense produksjonen av avfall, særleg ved å fremje rein teknologi og produkt som kan resirkulerast og nyttast om att, samstundes som det vert teke omsyn til eksisterande eller moglege marknader for attvunne avfall.
- 7) Vidare kan ulikskapar mellom lovgjevinga i medlemsstatane når det gjeld disponering og attvinning av avfall, verke inn på miljøkvaliteten og verkemåten til den indre marknaden.
- 8) Det er viktig at Fellesskapet som heilskap sjølv kan syte for disponering av avfallet sitt, og det er ønskeleg at kvar einskild medlemsstat òg tek sikte på å nå eit slikt mål.
- 9) For å nå desse måla bør det utarbeidast planar for avfallshandtering i medlemsstatane.
- 10) Flytting av avfall bør reduserast, og medlemsstatane kan gjere dei tiltaka som er naudsynte for ein slik reduksjon i planane sine for avfallshandtering.
- 11) For å sikre eit høgt vernnivå og ein effektiv kontroll er det naudsynt med godkjenning og inspeksjon av føretak som arbeider med disponering og attvinning av avfall.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 114 av 27.4.2006, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 35/2007 av 27. april 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø) se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 38, 9.8.2007, s. 40.

⁽¹⁾ TEU C 112 av 30.4.2004, s. 46.

⁽²⁾ Europaparlamentsfråsegn av 9. mars 2004 (TEU C 102 E av 28.4.2004, s. 106) og rådsavgjerd av 30. januar 2006.

⁽³⁾ TEF L 194 av 25.7.1975, s. 39. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽⁴⁾ Sjå vedlegg III del A.

- 12) På visse vilkår og så fram dei stettar krava til miljøvern, kan visse verksemder som sjølve handsamar avfallet sitt eller driv attvinning av avfall, fritakast frå krava om løyve. Slike verksemder bør registrerast.
- 13) For at det skal vere mogleg å overvake avfallet frå det vert framstilt og til det vert disponert, bør andre føretak som arbeider med avfall, t.d. avfallsinnsamlarar, transportørar og meklarar, òg vere underlagde krav til godkjenning eller registrering og høveleg inspeksjon.
- 14) Den delen av utgiftene som ikkje vert dekte av inntekter frå avfallshandsaminga, må dekkjast i samsvar med prinsippet om at ureinaren betalar.
- 15) Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette direktivet, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen⁽¹⁾.
- 16) Dette direktivet bør ikkje røre ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som er førde opp i vedlegg III del B —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

1. I dette direktivet tyder:
- a) «avfall» alle stoff eller objekt som høyrer inn under dei kategoriane som er fastsette i vedlegg I, som innehavaren kvittar seg med eller aktar eller pliktar å kvitte seg med,
- b) «produsent» alle som produserer avfall gjennom verksemda si («opphavleg produsent»), og/eller alle som utfører førehandsaming, blandar eller på annan måte endrar arten eller samansetnaden av dette avfallet,
- c) «innehavar» avfallsprodusenten eller den fysiske eller juridiske personen som rår over avfallet,
- d) «handtering» innsamling, transport, attvinning og disponering av avfall, medrekna tilsyn med slik verksemd og etterhandsaming av fyllplassar etter at dei er stengde,

- e) «disponering» alle disponeringsformene som er fastsette i vedlegg II A,
- f) «attvinning» alle attvinningsformene som er fastsette i vedlegg II B,
- g) «innsamling» henting, sortering og/eller blanding av avfall med sikte på transport.

2. For føremåla med nr. 1 bokstav a) skal Kommisjonen, etter den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 18 nr. 3, utarbeide ei liste over avfall som høyrer inn under dei kategoriane som er førde opp i vedlegg I. Denne lista skal jamleg vurderast på nytt, og om naudsynt reviderast i samsvar med den same framgangsmåten.

Artikkel 2

1. Følgjande skal ikkje vere omfatta av verkeområdet for dette direktivet:

- a) gassutslepp i lufta,
- b) dersom dei alt er omfatta av anna regelverk:
- i) radioaktivt avfall,
- ii) avfall frå leiting etter, utvinning, handsaming og lagring av mineralressursar, og avfall frå steinbrottsverksemd,
- iii) skrottar og følgjande landbruksavfall: husdyrgjødsel og andre naturlege stoff som vert nytta i landbruket og som ikkje er farlege,
- iv) spillvatn, bortsett frå avfall i flytande form,
- v) kasserte eksplosive varer.

2. Når det gjeld handteringa av visse avfallskategoriar, kan det i form av særdirktiv fastsetjast særlege føresegnar eller føresegnar som utfyller føresegnene i dette direktivet.

⁽¹⁾ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

Artikkel 3

1. Medlemsstatane skal gjere eigna tiltak for å fremje
- a) for det første, førebygging eller reduksjon av avfallsproduksjonen og av skadeverknadene til slik produksjon, særleg ved
- i) utvikling av rein teknologi som nyttar færre naturressursar,
- ii) teknisk utvikling og marknadsføring av produkt som er utforma på ein slik måte at dei ved framstilling, bruk eller disponering ikkje eller i minst mogleg grad medverkar til å auke mengda eller skadeverknadene av avfallet eller farane for ureining,
- iii) utvikling av teknikkar som er eigna til endeleg disponering av farlege stoff i avfall som er meint for attvinning,
- b) for det andre
- i) attvinning av avfall gjennom resirkulering, ombruk, regenerering eller andre prosessar med sikte på utvinning av sekundærråstoff, eller
- ii) bruk av avfall som energikjelde.

2. Bortsett frå i dei tilfella då europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF av 22. juni 1998 om ein informasjonsprosedyre for standarder og tekniske forskrifter⁽¹⁾ vert nytta, skal medlemsstatane melde frå til Kommissjonen om alle tiltak som dei tek sikte på å gjere for å nå dei måla som er fastsette i nr. 1. Kommissjonen skal melde frå om desse tiltaka til dei andre medlemsstatane og til det utvalet som er nemnt i artikkel 18 nr. 1.

Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at avfall vert attvunne eller disponert utan at det inneber fare for menneskehelsa og utan at det vert nytta prosessar eller metodar som kan vere skadelege for miljøet, og særleg
- a) utan å skape risiko for vatn, luft eller jordbotn, eller for plante- eller dyrelivet,
- b) utan at det fører til ulemper i form av støy eller lukt,

- c) utan å skade landskapet eller område som er av spesiell interesse.
2. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å hindre tømning, dumping eller ukontrollert disponering av avfall.

Artikkel 5

1. Medlemsstatane skal, i samarbeid med andre medlemsstatar der dette er naudsynt eller føremålstenleg, gjere eigna tiltak for å skipe eit integrert og tilstrekkeleg nett av avfallsanlegg, samstundes som det vert teke omsyn til den beste teknologien som finst tilgjengeleg og som ikkje medfører urimeleg store utgifter. Nettet må utformast på ein slik måte at Fellesskapet som heilskap vert i stand til å handtere avfallet sitt og at dei einskilde medlemsstatane òg skal kunne nå dette målet, samstundes som det vert teke omsyn til geografiske tilhøve eller til at det trengst særlege anlegg til visse typar avfall.
2. Det nettet som er nemnt i nr. 1, må gjere det mogleg å disponere avfallet ved eit av dei nærmaste eigna anlegga ved bruk av dei mest føremålstenlege metodane og den beste teknologien, for såleis å sikre eit høgt nivå for vern av miljøet og menneskehelsa.

Artikkel 6

Medlemsstatane skal skipe eller peike ut den rette styresmakta eller dei rette styresmaktene som skal ha ansvaret for gjennomføringa av dette direktivet.

Artikkel 7

1. For å nå dei måla som er nemnde i artikkel 3, 4 og 5, skal den rette styresmakta eller dei rette styresmaktene som er nemnde i artikkel 6, så snart som råd utarbeide éin eller fleire planar for avfallshandtering. Slike planar skal særleg omfatte
- a) type, mengder av og opphavet til det avfallet som skal attvinnast eller disponerast,
- b) allmenne tekniske krav,
- c) alle særskilte føresegner som gjeld spesielle avfallstypar,
- d) eigna fyllplassar eller anlegg for disponering.

⁽¹⁾ TEF L 204 av 21.7.1998, s. 37. Direktivet sist endra ved tilmeldingsakta av 2003.

2. Dei planane som er nemnde i nr. 1, kan t.d. omfatte
 - a) opplysningar om fysiske eller juridiske personar som har fullmakt til å handtere avfall,
 - b) ei vurdering av utgiftene i samband med attvinnings- og disponeringsformene,
 - c) opplysningar om eigna tiltak som kan fremje ei rasjonell innsamling, sortering og handsaming av avfall.

3. Medlemsstatane skal eventuelt samarbeide med dei andre medlemsstatane og Kommisjonen når dei utarbeider slike planar. Dei skal melde frå til Kommisjonen om planane.

4. Medlemsstatane kan gjere dei tiltaka som er naudsynte for å hindre flytting av avfall som ikkje stettar planane deira for avfallshandtering. Dei skal melde frå til Kommisjonen og medlemsstatane om alle slike tiltak.

Artikkel 8

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle innehavarar av avfall

- a) overlèt handteringa til ein privat eller offentleg avfallsinnsamlar eller til eit føretak som nyttar dei disponerings- eller attvinningsformene som er førde opp i vedlegg II A eller II B, eller
- b) syter for attvinning eller disponering av avfallet sjølve i samsvar med føresegnene i dette direktivet.

Artikkel 9

1. Ved gjennomføringa av artikkel 4, 5 og 7 skal alle verksemdar eller føretak som nyttar dei disponeringsformene som er førde opp i vedlegg II A, innhente eit løyve frå den rette styresmakta som er nemnd i artikkel 6.

I eit slikt løyve skal det gjevast opplysningar om

- a) typar og mengder av avfall,
- b) tekniske krav,
- c) sikringstiltak som skal gjerast,
- d) fyllplassen,
- e) handsamingsmetoden.

2. Slike løyve kan gjevast for eit visst tidsrom, dei kan lengjast og vere knytte til vilkår og plikter, eller dei kan avvisast dersom den planlagde disponeringsmetoden ikkje kan godtakast av omsyn til vern av miljøet.

Artikkel 10

Ved gjennomføringa av artikkel 4 skal alle verksemdar eller føretak som nyttar dei attvinningsformene som er nemnde i vedlegg II B, innhente løyve.

Artikkel 11

1. Utan at det rører ved rådsdirektiv 91/689/EØF av 12. desember 1991 om farlig avfall⁽¹⁾ kan det gjevast fritak for krava til løyve som er fastsette i artikkel 9 eller 10

- a) til verksemdar eller føretak som sjølve disponerer avfallet sitt ved produksjonsstaden, og
- b) til verksemdar eller føretak som arbeider med attvinning av avfall.

2. Fritaket som er nemnt i nr. 1, kan berre nyttast

- a) dersom dei rette styresmaktene har vedteke allmenne reglar for kvar type verksemd, der det er fastsett kva typar og mengder avfall som kan få fritak for kravet om løyve, og kva vilkår som skal gjelde for eit slikt fritak, og
- b) dersom typene eller mengdene avfall og metodane for disponering eller attvinning er slik at dei stettar dei vilkåra som er fastsette i artikkel 4.

3. Dei verksemdene eller føretaka som er nemnde i nr. 1, skal registrerast hjå dei rette styresmaktene.

4. Medlemsstatane skal melde frå til Kommisjonen om dei allmenne reglane som vert vedtekne i medhald av nr. 2 bokstav a).

⁽¹⁾ TEF L 377 av 31.12.1991, s. 20. Direktivet endra ved direktiv 94/31/EF (TEF L 168 av 2.7.1994, s. 28).

Artikkel 12

Verksemder eller føretak som driv yrkesmessig innsamling eller transport av avfall eller arbeider med disponering eller attvinning på vegner av andre (forhandlarar eller meklarar), skal registrerast hjå dei rette styresmaktene i tilfelle der dei ikkje er underlagde krav om godkjenning.

Artikkel 13

Verksemder eller føretak som handterer avfall slik det er nemnt i artikkel 9-12, skal kontrollerast jamleg og på ein eigna måte av dei rette styresmaktene.

Artikkel 14

1. Alle verksemder eller føretak som er nemnde i artikkel 9 og 10, skal

- a) føre eit register med opplysningar om mengder, type, opphav og der det er relevant, om mottakarstad, kor ofte innsamling finn stad, transportmiddel og handsamingsmetode når det gjeld det avfallet som er nemnt i vedlegg I og dei disponerings- og attvinningsformene som er nemnde i vedlegg II A eller II B,
- b) på oppmoding gjere desse opplysningane tilgjengelege for dei rette styresmaktene som er nemnde i artikkel 6.

2. Medlemsstatane kan òg krevje at produsentar skal stette føresegnene i nr. 1.

Artikkel 15

I samsvar med prinsippet om at ureinaren betalar, skal utgiftene til disponering av avfall berast av

- a) innehavaren som overlèt avfallet til handsaming hjå ein avfallsinnsamlar eller eit føretak som er nemnt i artikkel 9, og /eller
- b) tidlegare innehavarar eller produsenten av det produktet som avfallet kom frå.

Artikkel 16

Medlemsstatane skal kvart tredje år sende over til Kommissjonen opplysningar om gjennomføringa av dette direktivet i form av ein sektorrapport som òg skal omfatte andre relevante fellesskapsdirektiv. Rapporten skal utarbeidast på grunnlag av eit spørjeskjema eller ein plan som Kommissjonen har fastsett i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 18 nr. 2. Spørjeskjemaet eller planen skal sendast over til medlemsstatane seks månader før byrjinga av det tidsrommet som rapporten omfattar. Rapporten skal sendast over til Kommissjonen innan ni månader før utgangen av den treårsperioden som rapporten omfattar.

Kommissjonen skal offentleggjere ein fellesskapsrapport om gjennomføringa av direktivet innan ni månader etter at han har motteke rapportane frå medlemsstatane.

Artikkel 17

Dei endringane som er naudsynte for å tilpasse vedlegga til den vitskapelege og tekniske utviklinga, skal vedtakast i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 18 nr. 3.

Artikkel 18

1. Kommissjonen skal få hjelp av eit utval.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

Tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere éin månad.

3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

Tidsrommet som er fastsett i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.

4. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

Artikkel 19

Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 20

Direktiv 75/442/EØF vert oppheva, utan at det rører ved dei pliktene som medlemsstatane har i høve til dei fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving som er fastsette i vedlegg III del B.

Tilvisingar til det oppheva direktivet skal forståast som tilvisingar til dette direktivet, og bør lesast i samsvar med jamføringstabellen i vedlegg IV.

Artikkel 21

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 22

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg, 5. april 2006.

For Europaparlamentet

J. BORRELL FONTELLES

President

For Rådet

H. WINKLER

Formann

*VEDLEGG I***AVFALLSKATEGORIER**

- Q1 Restar frå produksjon eller forbruk som det elles ikkje er gjeve nærmare opplysningar om nedanfor
 - Q2 Produkt som ikkje er i samsvar med fastsette krav
 - Q3 Produkt som bruksfristen har gått ut for
 - Q4 Materiale som har gått til spille, er miste eller har vore utsette for andre uhell, medrekna materiale, utstyr o.a. som er kontaminert som følge av uhellet
 - Q5 Materiale som er vortne kontaminerte eller ureina som følge av planlagde handlingar (t.d. restar frå reinsetiltak, emballasjemateriale, romfang osv.)
 - Q6 Ubrukelege delar (t.d. utbrukte batteri, utslitne katalysatorar osv.)
 - Q7 Stoff som ikkje lenger er eigna til bruk (t.d. kontaminerte syrer og løysmiddel, brukte herdesalt osv.)
 - Q8 Restar frå industriprosessar (t.d. slagg, destillasjonsrestar osv.)
 - Q9 Restar frå reinseprosessar som skal avgrense ureining (t.d. slam frå gassutskiljing, støv frå luftfilter, brukte filter osv.)
 - Q10 Restar frå tilverking/formgjeving (t.d. dreiespon, glødeskal osv.)
 - Q11 Restar frå utvinning og handsaming av råstoff (t.d. restar frå gruvedrift og oljeutvinning osv.)
 - Q12 Kontaminerte materiale (t.d. oljer som er ureina av PCB osv.)
 - Q13 Alle materiale, stoff eller produkt som det ikkje er lov å nytte
 - Q14 Produkt som innehavaren ikkje lenger har bruk for (t.d. kasserte materiale frå landbruk, hushald, kontor, handelsverksemd og verkstader osv.)
 - Q15 Kontaminerte materiale, stoff eller produkt som stammar frå utbetring av jorda
 - Q16 Alle materiale, stoff eller produkt som ikkje er omfatta av kategoriane ovanfor
-

*VEDLEGG II A***DISPONERINGSFORMER**

- NB:* Føremålet med dette vedlegget er å gje eit oversyn over dei disponeringsformene som vert nytta i praksis. I samsvar med artikkel 4 skal avfall disponerast utan at menneskehelsa vert sett i fare og utan bruk av prosessar eller metodar som kan vere skadelege for miljøet.
- D 1 Deponering i eller på jorda (t.d. fyllplassar osv.)
 - D 2 Handsaming i jordmiljø (t.d. biologisk nedbryting av flytande avfall eller slam i jordbotnen osv.)
 - D 3 Innpumping i djupare lag (t.d. innpumping av avfall i borehøl, saltdomar eller naturlege geologiske sprekkar osv.)
 - D 4 Lagunering (t.d. tømning av flytande avfall eller slam i borehol, dammar eller laguner osv.)
 - D 5 Deponering på særleg tilrettelagde fyllplassar (t.d. plassering i åtskilde fôra holrom som er tildekte og isolerte frå kvarandre og frå miljøet osv.)
 - D 6 Utslepp i vassmiljøet, bortsett frå dumping i havet
 - D 7 Dumping, medrekna nedgraving i havbotnen
 - D 8 Biologisk handsaming som ikkje er førd opp andre stader i dette vedlegget, og som fører til samansetnader eller blandingar som vert disponerte ved bruk av ei av dei disponeringsformene som er nemnde i D 1-7 og D 9-12
 - D 9 Fysikalsk-kjemisk handsaming som ikkje er ført opp andre stader i dette vedlegget, og som fører til samansetnader eller blandingar som vert disponerte ved bruk av ei av dei disponeringsformene som er nemnde i D 1-8 og D 10-12 (t.d. fordamping, tørking, røsting osv.)
 - D 10 Forbrenning på land
 - D 11 Forbrenning til havs
 - D 12 Permanent lagring (t.d. plassering i romfang i ei gruve osv.)
 - D 13 Gruppeinndeling eller blanding før gjennomføring av ei av dei disponeringsformene som er nemnde i D 1-12
 - D 14 Ompakking før gjennomføring av ei av dei disponeringsformene som er nemnde i D 1-13
 - D 15 Lagring før gjennomføring av ei av dei disponeringsformene som er nemnde i D 1-14 (bortsett frå mellombels lagring på produksjonsstaden før innsamling)
-

*VEDLEGG II B***ATTVINNINGSFORMER**

NB: Føremålet med dette vedlegget er å gje eit oversyn over dei attvinningsformene som vert nytta i praksis. I samsvar med artikkel 4 skal avfall attvinnast utan at menneskehelsa vert sett i fare og utan bruk av prosessar eller metodar som kan vere skadelege for miljøet.

- R 1 Bruk i hovudsak som brensel eller anna energikjelde
 - R 2 Attvinning eller regenerering av løysemiddel
 - R 3 Resirkulering eller regenerering av organiske stoff som ikkje vert nytta som løysemiddel (medrekna kompostering og andre former for biologisk omdanning)
 - R 4 Resirkulering eller regenerering av metall og metallsambindingar
 - R 5 Resirkulering eller regenerering av andre uorganiske stoff
 - R 6 Regenerering av syrer eller basar
 - R 7 Attvinning av komponentar som vert nytta til å fange opp ureinande stoff
 - R 8 Attvinning av komponentar frå katalysatorar
 - R 9 Regenerering eller annan ombruk av olje
 - R 10 Spreiing på jordbotnen til føremon for landbruket eller det økologiske systemet
 - R 11 Bruk av avfall frå ei av dei attvinningsformene som er nemnde i R 1-10
 - R 12 Utveksling av avfall som skal gjennomgå ei av dei attvinningsformene som er nemnde i R 1-11
 - R 13 Lagring av avfall før gjennomføring av ei av dei disponeringsformene som er nemnde i R 1-12 (bortsett frå mellombels lagring på produksjonsstaden før innsamling)
-

VEDLEGG III

DEL A

OPPHEVA DIREKTIV MED ENDRINGAR

(nemnt i artikkel 20)

Rådskdirektiv 75/442/EØF (TEF L 194 av 25.7.1975, s. 39)	
Rådskdirektiv 91/156/EØF (TEF L 78 av 26.3.1991, s. 32)	
Rådskdirektiv 91/692/EØF (TEF L 377 av 31.12.1991, s. 48)	Berre når det gjeld tilvisinga til direktiv 75/442/EØF i vedlegg VI
Kommisjonsvedtak 96/350/EF (TEF L 135 av 24.12.1999, s. 32)	
Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1)	Berre vedlegg III nr. 1

DEL B

LISTE OVER FRISTAR FOR INNARBEIDING I NASJONAL LOVGJEVING

(nemnt i artikkel 20)

Direktiv	Frist for innarbeiding
75/442/EØF	17. juli 1977
91/156/EØF	1. april 1993
91/692/EØF	1. januar 1995

VEDLEGG IV
JAMFØRINGSTABELL

Direktiv 75/442/EØF	Dette direktivet
Artikkel 1, dei innleiande orda	Artikkel 1 nr. 1, dei innleiande orda
Artikkel 1 bokstav a) første leddet	Artikkel 1 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 1 bokstav a) andre leddet	Artikkel 1 nr. 2
Artikkel 1 bokstav b)-g)	Artikkel 1 nr. 1 bokstav b)-g)
Artikkel 2	Artikkel 2
Artikkel 3 nr. 1, dei innleiande orda	Artikkel 3 nr. 1, dei innleiande orda
Artikkel 3 nr. 1 bokstav a), dei innleiande orda	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a), dei innleiande orda
Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) første strekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) i)
Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) andre strekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) ii)
Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) tredje strekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) iii)
Artikkel 3 nr. 1 bokstav b), dei innleiande orda	Artikkel 3 nr. 1 bokstav b), dei innleiande orda
Artikkel 3 nr. 1 bokstav b) første strekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav b) i)
Artikkel 3 nr. 1 bokstav b) andre strekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav b) ii)
Artikkel 3 nr. 2	Artikkel 3 nr. 2
Artikkel 4 første leddet, dei innleiande orda	Artikkel 4 nr. 1, dei innleiande orda
Artikkel 4 første leddet første strekpunktet	Artikkel 4 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 4 første leddet andre strekpunktet	Artikkel 4 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 4 første leddet tredje strekpunktet	Artikkel 4 nr. 1 bokstav c)
Artikkel 4 andre leddet	Artikkel 4 nr. 2
Artikkel 5	Artikkel 5
Artikkel 6	Artikkel 6
Artikkel 7 nr. 1 første leddet, dei innleiande orda	Artikkel 7 nr. 1, dei innleiande orda
Artikkel 7 nr. 1 første leddet første strekpunktet	Artikkel 7 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 7 nr. 1 første leddet andre strekpunktet	Artikkel 7 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 7 nr. 1 første leddet tredje strekpunktet	Artikkel 7 nr. 1 bokstav c)
Artikkel 7 nr. 1 første leddet fjerde strekpunktet	Artikkel 7 nr. 1 bokstav d)
Artikkel 7 nr. 1 andre leddet, dei innleiande orda	Artikkel 7 nr. 2, dei innleiande orda
Artikkel 7 nr. 1 andre leddet første strekpunktet	Artikkel 7 nr. 2 bokstav a)
Artikkel 7 nr. 1 andre leddet andre strekpunktet	Artikkel 7 nr. 2 bokstav b)
Artikkel 7 nr. 1 andre leddet tredje strekpunktet	Artikkel 7 nr. 2 bokstav c)
Artikkel 7 nr. 2	Artikkel 7 nr. 3
Artikkel 7 nr. 3	Artikkel 7 nr. 4
Artikkel 8, dei innleiande orda	Artikkel 8, dei innleiande orda

Direktiv 75/442/EØF	Dette direktivet
Artikkel 8 første strekpunktet	Artikkel 8 bokstav a)
Artikkel 8 andre strekpunktet	Artikkel 8 bokstav b)
Artikkel 9 nr. 1 første leddet	Artikkel 9 nr. 1 første leddet
Artikkel 9 nr. 1 andre leddet, dei innleiande orda	Artikkel 9 nr. 1 andre leddet, dei innleiande orda
Artikkel 9 nr. 1 andre leddet første strekpunktet	Artikkel 9 nr. 1 andre leddet bokstav a)
Artikkel 9 nr. 1 andre leddet andre strekpunktet	Artikkel 9 nr. 1 andre leddet bokstav b)
Artikkel 9 nr. 1 andre leddet tredje strekpunktet	Artikkel 9 nr. 1 andre leddet bokstav c)
Artikkel 9 nr. 1 andre leddet fjerde strekpunktet	Artikkel 9 nr. 1 andre leddet bokstav d)
Artikkel 9 nr. 1 andre leddet femte strekpunktet	Artikkel 9 nr. 1 andre leddet bokstav e)
Artikkel 9 nr. 2	Artikkel 9 nr. 2
Artikkel 10	Artikkel 10
Artikkel 11 nr. 1 første leddet	Artikkel 11 nr. 1
Artikkel 11 nr. 1 andre leddet, dei innleiande orda	Artikkel 11 nr. 2, dei innleiande orda
Artikkel 11 nr. 1 andre leddet første strekpunktet	Artikkel 11 nr. 2 bokstav a)
Artikkel 11 nr. 1 andre leddet andre strekpunktet	Artikkel 11 nr. 2 bokstav b)
Artikkel 11 nr. 2	Artikkel 11 nr. 3
Artikkel 11 nr. 3	Artikkel 11 nr. 4
Artikkel 12	Artikkel 12
Artikkel 13	Artikkel 13
Artikkel 14 første leddet, dei innleiande orda	Artikkel 14 nr. 1, dei innleiande orda
Artikkel 14 første leddet første strekpunktet	Artikkel 14 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 14 første leddet andre strekpunktet	Artikkel 14 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 14 andre leddet	Artikkel 14 nr. 2
Artikkel 15, dei innleiande orda	Artikkel 15, dei innleiande orda
Artikkel 15 første strekpunktet	Artikkel 15 bokstav a)
Artikkel 15 andre strekpunktet	Artikkel 15 bokstav b)
Artikkel 16 første leddet	Artikkel 16 første leddet og artikkel 18 nr. 2
Artikkel 16 andre leddet	—
Artikkel 16 tredje leddet	Artikkel 16 andre leddet
Artikkel 17	Artikkel 17
Artikkel 18 nr. 1	Artikkel 18 nr. 1
Artikkel 18 nr. 2	Artikkel 18 nr. 3
Artikkel 18 nr. 3	Artikkel 18 nr. 4
Artikkel 19	—

Direktiv 75/442/EØF	Dette direktivet
Artikkel 20	Artikkel 19
—	Artikkel 20
—	Artikkel 21
Artikkel 21	Artikkel 22
Vedlegg I	Vedlegg I
Vedlegg II A	Vedlegg II A
Vedlegg II B	Vedlegg II B
—	Vedlegg III
—	Vedlegg IV